

Innhold

SAMFUNNSDELEN	2
Med hjarta i Bygland	2
Om kommuneplanarbeidet	3
Bygland i Noreg	5
Bygland i Agder	6
Heime i Bygland.....	7
Oppvekst.....	9
Næringsutvikling	10
Helse & sosial – pleie & omsorg	13
Kultur og miljø	14
Kommunen som serviceinstitusjon.....	15
Kommunen som arealforvaltar	16
I. AREALDELEN - visjon og ambisjonar	17
II. Tilhøvet til andre planar.....	18
III. Plandokument.....	18
IV Føresegner og retningslinjer	19
Generelle føresegner	19
1. Område avsett til utbyggingsføremål	19
1.1 Plankrav	19
Retningslinjer for utbygging	20
1.2 Bustader	20
Framtidige område for bustadbygging	21
1.3 Fritidsbustader.....	21
Framtidige område for hyttebygging	22
Føresegner for byggeområde til fritidshus og hytter	24
Generelle retningslinjer for fritidshus	25
1.4 Næringsaktivitet	25
1.5 Strandsoneplan ved Byglandsfjorden.....	27
2. Landbruks-, natur- og friluftsområde (LNF)	28
2.1 LNF-område med verdfulle naturinteresser og kulturlandskapsverdiar.....	28
2.2 LNF-område med verdfulle friluftsiinteresser	28
2.3 Spreidd bustadbygging i LNF-område	29
2.4 LNF- spreidd bygging av fritidshus og hytter.....	29
3. Område for råstoffutvinning.....	30
Massetak - føresegn	30
Framtidige område for massetak.....	31
4. Bandlagde område	32
4.1 Fornminne/ kulturminne	32
4.2 Eksisterande bandlagde område	32
5. Område for vern og bruk av vassdrag	33
5.1 Verna vassdrag.....	33
5.2 Nedslagsfelt for drikkevatt.....	33
5.3 Annan særskilt bruk eller vern	33
6. Viktige ledd i kommunikasjonssystemet - stamveg	34
6.1 Fylkesvegar – kommunale vegar	34
6.2 Tverrveg til Åseral	34
7. Dispensasjon.....	35
8. Reguleringsplanar.....	35
8.1 Gjeldande reguleringsplanar	35

SAMFUNNSDELEN

Med hjarta i Bygland

Gode sambygdingar !

Det er tid for å sjå framover.

Legge grunnlaget for at kommunen vår skal utvikle seg positivt i åra som ligg føre oss. Ta dei grepa som skal til for å snu folketalsutviklinga. Legge til rette for ei planmessig utvikling der me tek vare på det som er positivt, samstundes som me er opne for nye tankar.

Kommuneplanen er eit verktøy for å nå dei måla me set oss. Hovudmålsettinga er å auke folketalet. Det er heilt avgjerande at me lukkast med dette for å ha kraft til å løyse komande oppgåver.

Kommuneplanen legg vekt på å gjeve innbyggerane gode tenester på alle område. Godt og trygt nærmiljø med bustadtilbod i alle delar av kommunen. Gode oppvekstvilkår. Me skal ta vare på kulturarven og arbeide for langsiktige berekraftige løysingar i vår arealplanlegging. Me skal ha eit tett samarbeid med næringslivet i kommunen og arbeide for vekst og utvikling av arbeidsplassar. Halde fram med eit godt interkommunalt samarbeid der det er best for innbyggerane.

I arbeidet med kommuneplanen har det vore fleire møtepunkt med innbyggerane, og det har kome mange konkrete innspel til planen. Eg vil takke for stort engasjement. Takk også til Plan og Ressursutvalet saman med gode administrative hjelparar for arbeidet fram til endeleg kommuneplan.

”Med hjarta i Bygland” er utgangspunktet vårt.

Stoltheit over det me har.

Tru på oss sjølve og framtida.

Sjå mulegheiter, - og våge å prøve dei ut.

Saman er me sterke. Saman kan me gjere kvarandre gode. Ver med å ta ansvar for bygda di.

Framtida vår bygger me saman.

Knut A. Austad
Ordførar i Bygland

Om kommuneplanarbeidet

Bakgrunn

Kommunestyret vedtok planprogram for revisjon av kommuneplanen den 28.11.2006. Arbeidet kom i gang våren 2007, og det vart halde 3 grunneigarmøte før kommunevalet. Det vart vedteke at planprosessen skulle vere politisk styrt, og administrasjonen deltok med sekretariat.

Prosess

Etter valet tok arbeidet til att på nyåret 2008. Alle personar med grunneigedom i kommunen vart tilskrive og orientert om planprosessen, og det vart halde 3 folkemøte i løpet av våren. Det var i tillegg eitt møte i juli 2008 som var særskilt innretta mot ungdom og tilflyttarar. Arbeidsprosessen var open, med direkte kommunikasjon med innbygarane.

På kommuneplanmøta vart det registrert eit samla oppmøte på meir enn 15% av kommunen sitt innbyggartal. Kommunen fekk mange innspel på kva som er viktig i kvardagen, og det vart registrert ei rekke konkrete tiltak samt eit hundretals framlegg til nye utbyggingsområde. Alle innspel frå folkemøta vart noterte, og bruka i arbeidet med kommuneplanen.

Hausten 2008 var det fleire dialogmøte på fagnivå med Aust-Agder fylkeskommune og fylkesmannen i Aust-Agder, og eit planframlegg vart presentert for politisk handsaming i desember 2008.

Slutthandsaminga vart sett i gang på nyåret 2009, og kommunen mottok ei omfattande motsegn frå fylkesmannen si Miljøvernavdeling i Aust-Agder dat. 04.05.2009. Denne motsegna førde til at kommunen i løpet av hausten 2009 valde å utsetje slutthandsaminga.

Det vart tatt opp ny dialog med fylkesmannen vinteren 2009-10, parallelt med at kommunen arbeidde med konsekvensanalysar knytte til konfliktomåda. Konsekvensanalysane vart ferdige sommaren 2010, og den vidare dialogen medførte at fylkesmannen justerte tidlegare motsegn jf. brev dat. 12.11.2010. Den nye kommuneplanen 2011-2022 vart retta opp i samsvar med fylkesmannen si motsegn, og gjort ferdig vinteren 2010-11.

Informasjon

Kommunen si heimeside: www.bygland.kommune.no
Kunngjeringar i Setesdølen, Agderposten og Fædrelandsvennen.

Styringsgruppe 2008-11

Heming F. Hansen (Sp/leiar), Stig Berge (Bygdelista/nestleiar), Ann-Cecilie Andersen Attestog (Kr.f), Fredrik Langfeldt (Sp), Anne Eikerapen (H/V)

Administrativ arbeidsgruppe arealdel og konsekvensanalysar

Kjell Øyvind Berg (tenesteleiar drift & forvaltning), Inge Olav Fjalestad (skogbrukssjef), Sonja Lien Skjevraak (ingeniør GIS–geodata), Vidar Frøysnes (plankoordinator).

Kommuneplanen – innhald og bruk

Kommuneplanen er kommunen sitt viktigaste styringsdokument, og skal synleggjere politiske prioriteringar for innbyggjarane og for omverda. Kommuneplanen har eit perspektiv på 12 år, og skal rullerast kvar valperiode. Samfunnsdelen skal legge rammer for planlegging og aktivitet i kommunen, og ligge til grunn for arealplanen som viser aktiv forvaltning av areala i kommunen. Samfunnsdelen er òg grunnlag for handlingsprogrammet med økonomiplan, som viser handlingsmål for samfunnsutvikling, styringsmål for tenesteutvikling og prioritering av tiltak. Handlingsprogrammet har eit perspektiv på fire år, og skal rullerast oftare – gjerne kvart år, dersom det er aktuelle endringar.

Som vist over, har kommuneplanarbeidet i Bygland vore ein omfattande og tidkrevjande prosess, med stor grad av involvering.

Styringsgruppa vil understreke at kommuneplanarbeidet og Bygland 2022 er meir enn dette dokumentet. Prosessane som er gjennomførte har vore bevisstgjerande og nyttige i seg sjølv, og gjeve mykje bakgrunnsmateriell som kan nyttast vidare.

Kommuneplanlegging er ein kontinuerlig prosess, og ikkje noko som vert avslutta med framlegging av dette dokumentet. Formuleringane i samfunnsdelen er på eit overordna nivå, og skal vise retning og gi føringar for vidare planlegging. Det er viktig at desse føringane ligg til grunn og vert nytta vidare i arbeidet med handlingsplanar for dei ulike einingane i kommunen. Det er gjennom desse handlingsplanane ein kan kome fram til meir konkrete tiltak, løysingar og prioriteringar.

Bygland i Noreg

Med hjarta i Bygland

Bygland kommune har eit vakkert landskap, med Byglandsfjorden og fjell som ramme. Naturen og årstida sine variasjonar er tydelege, noko som gjev seg utslag i høge sommartemperaturar.

Fjorden og heia er attraktive rekreasjonsplassar for bygdas innbyggjarar og besøkjande. Fjorden, med si over 100 km strandlinje, innbyr til eit godt båtliv. Kvar og ein kan og finne "sin" knatt å bade ved, eller ein kan oppsøkje nokre av strendene her. Heia har rike muligheiter til å sanke sopp og bær, jakt og fiske.

Bygland har Europas sørlegaste villreinstamme, noko som fører til store utfordringar i kommunen når det gjeld å finne ein god balanse mellom vern og bruk.

Kommunen er langt framme innan breiband og fiber, og er på den måten med i den digitale verda. Ein kan like godt arbeide i Singapore som i Oslo, med base i Bygland. Ein ser og at det vert meir og meir naturleg å tenkje på Setesdal som ein felles arbeidsmarknad. I den forbindelse ligg Bygland midt i dalen med gode arbeidsmoglegheiter.

Vegen vidare

- Stimulere til å vise toleranse og vere open for andre kulturar, uttrykk og tradisjonar
- Aktivt nytte informasjons- og kommunikasjonsteknologi i eit nasjonalt og globalt perspektiv
- Styrke profileringa av Bygland som ein god stad å bu
- Styrke satsinga på barn, ungdom og unge barnefamiljar

Grete Faremo om sin gamle heimkommune:

Det gamle stevet

*" Da kome mange vi' dalen skoe
Det er 'kje lite me ha te bjode
Så håge fjødd og så ven ein fjord
Skal du leite etter på denne jord "*

set ord på sterke kvalitetar ved Bygland. Eit godt nærmiljø i vakker natur og med menneske som tar tak og viser seg fram saman, medan dei legg nytt grunnlag for fortsatt vekst og utvikling.

Bygland spelar på lag med innbyggarane. Talent og tradisjon, nyskaping og trauste næringar går hand i hand med eit godt offentleg tenestetilbod.

Målet er at felles innsats atter skal gje grunnlag for vekst. Lagspelet er det sentrale - alle bidrag er viktige.

Bygland spelar på lag med gode grannar. Det gjev mangfald og styrke.

Setesdal gjev namn til vår felles identitet og kultur. Ein kultur som tar mot og ønskjer nye impulsar velkomen - som opnar for nye vener!

Grete Faremo

Bygland i Agder

Bygland vil stå fram som eit positivt lokalsamfunn i regional samanheng. Vi vil samarbeide med gode naboar for å halde oppe ei berekraftig utvikling, med grunnlag for ny vekst i eit langsiktig perspektiv.

Kommunestyret har vedteke at hovudmålsettinga for Bygland kommune er å

Auke folketalet i Bygland kommune

Slik kjem vi dit

- Styrke busettinga i heile kommunen
- Skape tru på innovasjon og utvikling
- Arbeide for eit positivt omdøme for Bygland kommune
- Utvikle og satse på egne ressursar, eigenart og kvalitetar

Arild Eielsen om Bygland

Kommuneplanen for Bygland har som hovedmålsetting å øke folketallet i kommunen, og dermed snu en lang trend. Det er dermed en ambisiøs målsetting, men ikke urealistisk. For å få dette til, må vekstkraften i egen kommune, i Setesdalsregionen og i landsdelen utnyttes.

Fylkeskommunen vil være en støttespiller i alle disse sammenhengene. Spesielt vil jeg vise til vår satsing på Setesdal Regionråd og satsingen på utbygging av riksvei 9. En fullt utbygd vei vil bedre vekstkraften i Bygland og i Setesdal for øvrig.

Jeg ønsker lykke til med arbeidet!

Arild Eielsen
fylkesrådmann
Aust-Agder fylkeskommune 2009

Heime i Bygland

Kommunen satsar på å vidareutvikle eit godt miljø for barn og unge og gje dei gode levevilkår. Vi vil ha fokus på barn og unges behov slik at dei opplever oppveksten som trygg og stimulerande, og det skal gje seg utslag i kommunen sine planar og prioriteringar.

Vegen vidare

- Skape attraktive miljø i kommunen ved å fremje ei berekraftig utvikling
- Ha eit teneste- og servicetilbod som har særskilt merksemd på dei unge sine behov; slik som symjehall, idrettslag og ungdomsklubb
- Satse på å få ungdommen heim att
- Sørge for god trafikkisikring i bustadområde og langs skuleveg
- Helseteneste med merksemd på behova hos familiar med barn og ungdom

Elevrådsleiar ved Bygland skule - om å vekse opp på Bygland

Som så mange andre i denne dalen heiter eg Knut. Knut etter gofaen min, baa oldefedrene mine og tippoldefar, Lisleknut, Gamleknut og Storeknut. Knutstog, Knutsplass og Knutslid fortel om stader der ulike Knut'ar rådde grunnen. Heimsplassen min er Bygland. Bygland er ei lita bygd med frisk luft, grønne tre, reint vatn, blomar av alle regnbogens fargar, kyr med mjølkesprengte jur, hundar som bjeffar, hestar som beiter, hanar som gjel, sauer som brekar og rett som det er kjem det ein reinsdyrflokk gåande over riksveg 9 med den største selvfølgje. Rådyra luskar i hagen, reven og hønsehauken vaktar på hønene i hønegarden, medan tåtelamma spring mot deg for å finne ut om du har med noko godt.

Bygland er definitivt ikkje plassen for deg som likar "trendy" kafear eller "hotte" diskotek. Det er heller ikkje store moglegheiter for shopping. Men me har eit trygt og oversiktleg miljø, der alle kjenner alle. Om du vil vere aktiv har du mange tilbod. Eg bare nemner: ungdomsklubb, 4H, styrkerom som er ope når du vil, og ikkje minst gratis. Symjehall, skytebane, ungdomsgruppe i jeger og fisk, jegerprøvekurs, trafikalt grunnkurs, ulike treningstilbod frå handball til step, fotball og spinning. Kulturskulen med bl.a. drama og piano, bygdekino, musikkorps, og ikkje minst mogelegheita til å ha hest!

Kanskje det viktigaste på Bygland er fjorden?

Båtliv og fiske i sommarhalvåret, og kanskje om me er heldige har vi skeiseis i periodar om vinteren! Endåtil vert det om vinteren laga skeiseis på fotballbanen ved skulen! Vinteren med ski og scooter, hytteturar med vener, alpinturar til Brokke, og skiturar innover frå Tangen.

Ja, i vesle, koselege, Bygland er det meste mogleg, om ein ikkje er ute etter dei "hippaste" stadene. Men det er ikkje lange bilturen, så er ein der òg....

Knut Haugå Kasin - 10.klasse.

Signe Berit Sollien Haugå – om Bygland

” Her er det nok å vere seg sjølv! ” og rom for fleire til å skape gode barndomsminne!

Som guten på 8 år sa: ”Her er det nok å vere seg sjølv” – då han forklåra kompisen kvifor han ikkje var så nøye på imagen etter at han flutte til Bygland. Her er plass nok -og rom for å boltre seg- og å vere seg sjølv. Verdiar som kan vere tunga på vektskåla for folk som gjer ”livsstilsval” når dei finn plassen dei vil busette seg og skape seg ”det gode liv”.

Tenk å ha ei bygd som leikeplass – og møte folk med tid til å tale – og ein kommune som set store ressursar i skule og barnehage!

Dette er staden for folk som set pris på det enkle og naturnære – ein heil liten idyll å skape gode barndomsminne i!

Utfordringa er at alle held fram med å gi rom for at fleire skal ta bygda i eige.

Trivsel og tryggleik høyrer i hop. Med nye menneskje kjem nye idear og mangfald og tilfang til ny utvikling. Mot til å møte det ukjente krev openheit og toleranse for ulikskap. Og å sjå at nye folk og krefter tenkjer nytt og annleis og gje nye initiativ åtgåum – det trengst!

Evna vår til å dele kommunen og aktivere ressursane gjennom tilrettelegging kan gje verdfulle ringverknader og auka aktivitet. Vi har fjorden om sommaren, og heiane til friluftsliv – heile året. På sykkel langs landevegar – i båt på fjorden, eit lite Zell am Zee – på ’ny’ norsk!

Kvalitetane er mange – men dei må fokuserast utover – og aktiverast. Vona er at det er fleire som gjer ”strandhogg” i Bygland og at vi i fellesskap peikar ut område der slikt kan finne stad. Tida er mogen for å seie noko om kva, korleis, kven og kva tid vi vil ta oss dit – og å syne at det er rom for alle i Bygland – i dobbel tyding!

Her bør alt vere mogleg! Rom for alle!

Signe Sollien Haugå
dagleg leiar Setesdal regionråd

Oppvekst

Gode barnehagar og skular skal gi kunnskap og trygge rammer for oppvekst, slik at dei som veks opp i Bygland ønskjer å kome tilbake etter fullført utdanning, og slik at kommunen også blir attraktiv for andre å busetje seg i.

I Bygland kommune har vi gode oppvekstsentra, med oversiktlege forhold og godt kvalifiserte og stabile førskule- og lærarkrefter. Her forsvinn ingen i mengda, heller ikkje dei minste. Skulane har utmerka seg i landssamanheng med gode resultat innan trivsel og læringsresultat.

Kommunen vil arbeide for at KVS-(kristen vidaregåande skule)-Bygland kan drive vidare med gode rammevilkår på den gamle 'skogskulen' i sentrum.

Slik kjem vi dit

- Tilby barnehageplass til alle som søker ved hovudopptaket, og vere fleksible om nokon treng plass ved andre høve
- Skulane i Bygland må gi barn og unge dei beste vilkåra for tryggleik, trivsel, samhandling og læring
- I skular, barnehagar og SFO vil barna få forsvarleg tilsyn, slik at dei opplever tryggleik og trivsel i lag med andre gjennom heile dagen
- Gi opplæringa ei lokal forankring gjennom bruk av lokal kultur og natur, slik at ein skaper identitet til heimplassen
- Kvalitetssikre tilbodet i skular og barnehagar gjennom faste brukarundersøkingar, og vere opne for nytenking og innspel frå brukarane
- Stimulere og leggje til rette for fysisk aktivitet på både dag- og kveldstid
- Brukarane møter lærings situasjonar og utfordringar som er tilpassa individuelle føresetnadar og utviklingsbehov
- Varierte metodar og fleksibel organisering i opplæringa er med på å auke læringsutbyttet

Næringsutvikling

Visjonen frå regional næringsplan - for Bygland:

Bygland skal vere ein attraktiv stad

- å bu
- å gjeste
- å drive næringsverksemd

- ein stad der innbyggjarane er prega av

- tru på innovasjon og utvikling
- omtanke for kvarandre
- aktiv samhandling

Slik kjem vi dit

- Gjennom aktiv, kompetent og samordna tilrettelegging og deltaking skal kommunen bidra til etablering, knoppskyting og vekst
- Ta vare på eksisterande verksemdar og fagmiljø
- Det skal leggast til rette for at unge flytter tilbake når utdanninga er ferdig, og satsast på arbeidsplassar som er attraktive for yngre arbeidstakarar
- Ein skal arbeide for å styrke og utvikle næringar innanfor dei områda ein har naturlege føresetnader for å lykkast
- Byglandsfjorden og kulturlandskapet skal takast vare på og utviklast som aktivum for reiseliv, næringsutvikling og den faste busetnaden
- Bygland sentrum skal vidareutviklast som kommunesenter, og det skal leggast til rette for privat næringsutvikling i samspel med eit godt offentleg tenestetilbod
- Digital kommunikasjon vert prioritert, med fiberkabel til alle grendelag
- Riksveg, fylkesveg og kommunale vegar skal halde god standard
- Bygland kommune arbeider for veg til Åseral med god standard, som heilårsveg

Ungdomen går nye vegar, tek høgare utdanning og spesialiserar seg. Interessefelte endrar seg, og ein attraktiv arbeidsplass i år 2011 kan vere uinteressant for ein ungdom i år 2022. Det er skjerp krav frå barnefamiljar i høve bumiljø, sosiale og kulturelle tilhøve. Arbeidsplassen er berre ein av fleire faktorar som folk vurderar ved val av buplass:

- **Arbeid og fagmiljø**
- **Service-, kultur- og fritidstilbod**
- **Bustadtilhøve**

For å få folk til å flytte til kommunen, og for å hindre at folk flytter frå, må det såleis satsast både på etablering av nye arbeidsplassar og utvikling av attraktive miljø.

Bonde Øivind Aakhus om landbruket i Bygland

Tidene har forandra seg mykje sidan eg starta som mjølkeprodusent i 1985, men målsetjinga mi er å framleis kunne halde fram med å produsere mat, og å ha landbruksproduksjon som leveveg.

Ein ting er heilt klårt for meg. Det vil aldri verte umoderne å produsere mat her i Bygland eller andre stader i landet. Utviklinga elles i verda peikar i retning av at mat vert mangelvare, og at prisane på mat stig. Sjølv er eg i den situasjonen at jordbruksareala mine ligg nær Bygland sentrum, men dette har aldri vori problematisk.

Som i mange næringar er det store økonomiske utfordringane også i landbruket. For eit framtidsretta landbruk seg eg føre meg at det må fokuserast på:

- Ny teknologi som aukar effektiviteten og gjev større volumproduksjon
- Samdriftsfjos for både sau og storfe (kyr og ammekyr) i dei ulike bygdesentra som gjev plass til både aktive og ”passive” drivarar
- Sikre jordbruksareala for stabile forleveransar av beste kvalitet
- Fokus på meir lokal foredling slik at verdiskapinga vert i distriktet
- Inkluderande samarbeid over eigedomsgrensar som motiverar grunneigarane til å tenkje utradisjonelt og å til å sjå nytten av å drive med eit aktivt jordbruk
- Nokre gardar kan nyttast til oppstalling av hestar slik at hesteinteressert ungdom får gode tilbod og positive erfaringar med landbruksnæringa
- Landbruket som kulturlandskapspleiar. Eit ope landskap med beitande dyr gjev gode opplevingar for innbyggjarane og besøkjande i kommunen

For å oppnå dette bør det vere kontinuerlig fokus på landbruket sitt positive bidrag til samfunnet og bygdene. Det må gjevast rom for at kommunen og organisasjonar i samarbeid kan bruke økonomiske og personalmessige resursar som stimulerar til bu- og drivelyst.

Det er no viktig at me tek vare på den kompetansen som landbruket har i kommunen før for mange fell av lasset. Ein skal likevel ikkje dramatisere altfor mykje. Det som i dag skjer i Bygland og elles i landet, kan mykje samanliknast med det som skjedde på 1950- og 1960-talet. Då var det òg mange som slutta med husdyrproduksjon og fekk seg arbeid i byen. Seinare kom det ei statleg opptrapping, og det vart nytt oppsving og satsing på mindre husdyrbesetningar på 1970-talet og framover eit par 10-år. Landbruket vil overleve, og i Bygland har vi ressursgrunnlag for ei levekraftig primærnæring.

Øyvind Aakhus

Tor Kåre Helland om TINE Meieriet Setesdal

TINE Meieriet Setesdal er einaste meieri i Aust-Agder under TINE-paraplyen. Anlegget er ein viktig arbeidsplass i Bygland med 8,3 årsverk (2011).

Meieriet på Byglandsfjord er i full drift. Hovudårsaka til det er at meieriet har fått som oppgåve å produsere småskala- og nisjeprodukt for TINE Meieriet Sør og TINE SA. Anlegget produserer Ryfylkegome for Rogaland og Agder og mange smørprodukt for heile landet. Største produkt er Kviteseidsmøret med ca. 400 tonn pr. år (aukande)

Meieriet har, slik vi ser det, ei positiv framtid. Slik utviklinga har vore, med krav til effektivisering og press på matvareprisar, er det store anlegg som har muligheit å klare

å drive med små marginar. Anlegget på Byglandsfjord er i den motsette enden, lite anlegg med små produksjonar, men vi tek ut ein høgare pris. Grunnane til at "vårt" meieri ble vald for å ta seg av nisjeproduksjonane var fleire. Godt renommé hadde meieriet bygd opp gjennom lang tid. Meieriet var fleksibelt og dermed godt tilpassa til å ta seg av nisjeproduksjonar. Ingen veit kva morgondagen vil bringe. Ved å vere innovative, positive til endringar, ta utfordringar og utføre jobben vår så godt som mulig, har meieriet gode føresetnader til å bestå. For meieriet er arbeidsstokken veldig viktig. Dei har vore svært positive til dei fleste forandringar som har skjedd, og har sjølv kome med forslag til nye produksjonar. Slikt bind ein arbeidstokk saman, og vi kan omtale vårt anlegg med stoltheit for det vi får til. Regionen og kommunen har i praksis mange gonger vist at dei ønskjer å oppretthalde meieriet ved å løyve tilskott til større, nødvendige investeringar. Det er viktig at eksisterande næringsliv ikkje vert gløymt i "jaget" etter å skape nye arbeidsplassar.

Tor Kåre Helland

Helse & sosial – pleie & omsorg

I Bygland kommune vil vi satse på eit godt og framtidsretta helse- og sosialtilbod.

Vi har legekontor og helsestasjon på Byglandsfjord og Bygland, fysioterapi, psykiatri, barnevern, rusomsorg og sosialtenester.

Fagtenestene samarbeider interkommunalt der det ligg til rette for det; t.d. når det gjeld krisehandtering.

Bygland kommune har i dag ein godt utbygd alders- og sjukeheim, omsorgsbustader, aldersbustader, bustader for psykisk utviklingshemma samt gode heimebaserte tenester (matombringning, heimehjelp, heimesjukepleie o.l.).

Vegen vidare

- I Bygland skal alle oppleve eit godt og framtidsretta pleie- og omsorgstilbod.
- Kommunen skal møte brukarane sine med profesjonalitet, respekt og toleranse
- Motivere til fysisk aktivitet og sunne livsvanar
- Førebyggjande helsearbeid, mosjon og velvære skal vere eit satsingsområde
- Vi skal vidareutvikle dei gode, trygge lokalsamfunna prega av nærhet og omsyn til fellesskapet og med fokus på enkeltmenneske

Kultur og miljø

Ambisjon

Bygland skal vere prega av eit rikt og mangfaldig kulturliv, som saman med eit godt miljø gjev gode levekår.

Vi er stolte av eit rikt kulturliv med tilbod til dei fleste. Vi satsar på å gje barn og unge identitet og røter ved å føre vidare lokal kultur og tradisjonar. Samstundes vil vi vere opne for nye impulsar og kulturell nytenking.

I kommunen har vi hornmusikk, teaterlag, 4H, ungdomsklubb, idrettslag med aktivitetar og idrett på mange nivå, skyttarlag, jeger- og fiskarlag, leikarring, kulturskule, bygdekino m.m. Heilt lokalt er mykje verdfullt barne- og ungdomsarbeid tilknytt dei ulike bedehusa.

I tillegg har vi fleire band, lokale musikarar og bygdekor.

Mykje skjer, stort sett heile tida, for den som vil oppleve og utøve -

Kommunen har eigen plan for idrett, friluftsliv og kulturbygg med handlingsprogram som vert rullert kvart år. Kommunestyret avgjer via budsjettvedtaket kva tiltak som vert finansiert.

Vegen vidare

- Halde fram å styrke kulturlivet ved å prioritere dette i budsjettsamanheng
- Forvalte naturressursane og kulturlandskapet på ein god måte
- Kommunen skal vere ein aktiv pådrivar for eit godt samarbeid med grunneigarar og regionale/nasjonale myndigheiter
- Legge til rette for aktiv livstil og rekreasjon ved å betre tilgjenge til utmarka via eit oppe nett av skogsbilveggar
- Kyrkja skal vere ein viktig del av oppvekstmiljø, omsorgsarbeid og identitet i Bygland, samstundes som andre trudoms- og livssynssamfunn skal ha gode arbeidsvilkår
- Den fine naturen i kommunen skal vi ta vare på, mellom anna gjennom å etablere gode renovasjonsordningar
- Kommunen skal aktivt stimulere bedrifter til å arbeide etter miljøvenlege og berekraftige prinsipp
- Kommunen skal stimulere til, og legge til rette for, at kulturlandskap og kulturmiljø skal vere viktige ressursar for trivsel og utvikling

Kommunen som serviceinstitusjon

Ambisjon

I Bygland skal innbyggjarane og brukarane vere i fokus, og oppleve kommunen som ein serviceorientert organisasjon og eit truverdig forvaltningsorgan

Service og tenester

- Ein skal i tenesteproduksjonen ha fokus på innbyggjarservice, og på å gjere brukarane nøgde med tenestene
- Informasjon og kommunikasjon skal vektleggast
- Kommunen skal aktivt nytte informasjons- og kommunikasjonsteknologi for å yte god service og gjere tenester lett tilgjengelege
- Bygland kommune skal som arbeidsgjevar nytte kompetanseheving for å utvikle verksemda, leiarane og kvar enkelt tilsett
- Økonomiske og menneskelege ressursar skal nyttast optimalt

Forvaltning

- Sørge for føreseieleg, konsekvent og lik handsaming av like saker
- Føre god og sakleg argumentasjon for vedtak og avgjerder
- Arbeide for kort handsamingstid og høg kvalitet ved sakshandsaming
- Gjere ei heilskapleg vurdering i alle saker, og vurdere dette opp mot føremålet i den aktuelle lova
- Sikre godt fagmiljø gjennom interkommunalt samarbeid

Kommunen som arealforvaltar

Ambisjon

Langsiktig og balansert tenking skal medverke til formålstenleg og berekraftig utnytting av kommunen sine arealressursar.

Slik kjem vi dit

- Langsiktig tidsperspektiv skal ligge til grunn for all arealforvaltning
- Halde fokus på heilskapsløysingar, miljøkrav og estetikk
- Take vare på balansen mellom nærings- og bufunksjonar, biologisk mangfald, verneområde, kulturminne og friluftsiinteresser
- Berekraftig forvaltning til lokalsamfunnet sitt beste skal ligge til grunn for all utvikling
- Legge til rette for positiv utnytting av ressursane i natur- og verneområde, og gjennom dette fremme trivsel og helse blant fastbuande og gjestar i kommunen
- Oppretthalde lokalt forvaltningsmynde, og arbeide for at det lokale skjønet får gjelde i saker som er viktige for lokalsamfunnet

I. AREALDELEN - visjon og ambisjonar

Visjonen og mottoet for planarbeidet er *'med hjarta i Bygland'*.

Vi vil ta vare på og utvikle vidare den vakre kommunen vår, og ambisjonen er at kommunen skal oppleve ny vekst når vi syner fram alt det positive som finst i Bygland.

Innan arealplanlegginga ser vi framover til år 2022.

I samfunnsdelen er det formulert vegval og ambisjonar ut frå ulike perspektiv, og arealdelen skal samsvare med føringane som går fram av kommuneplanen sin samfunnsdel.

Langsiktig og balansert tenking skal medverke til formålsteneleg og berekraftig utnytting av kommunen sine arealressursar.

Ambisjonar for arealdelen

Bygland kommune er oppteken av å skape attraktive og gode bumiljø både i etablerte bustadfelt og spreidd i dei enkelte grendene i kommunen.

Som helse- og trivselsfremmande tiltak vil kommunen legge vekt på gode tilbod innan idrett, friluftsliv & kultur. Kommunen skal òg ha fokus på eit trygt, trafikkikkert og oversiktleg oppvekstmiljø for barn og unge.

Det skal vere godt og variert tilbod om bustadtomter i alle delar av kommunen.

Næringslivet skal takast vare på og vidareutviklast; og det trengs areal til nye forretnings- og næringsområde.

Kommunen vil legge til rette for livskraftige primærnæringer; og som ein del av dette vert det lagt ut ei rekke nye byggeområde for fritidshus. Hytter i regulerte felt knyter seg i hovudsak til det eksisterande nettet av skogsbilveggar.

For den faste busettinga er det viktig at grunneigarar i dei ulike delane av kommunen kan få høve til å utnytte sine utmarksressursar.

Med areal på 1.330 km² er Bygland den nest største kommunen i Aust-Agder fylke.

Omlag 286 km² er verna til naturvernføremål.

Det er 3 reservat i kommunen; med myr- & barskogvern samt landskapsvernområdet i Setesdal Vesthei. Bygland tek eit stort ansvar når det gjeld å ta vare på leveområda for den sørlegaste villreinstamma i Europa.

I tillegg til villreininteressene er det ei rekke andre miljøverninteresser som fører til bandlegging og vern av areal. Byglandsfjorden er leveområde for den internasjonalt verna fiskearten 'bleke', noko som set særskilte krav til vassdragsforvaltninga.

Bygland har ei rik historie, noko ein finn spor av som kulturminne både over og under bakken, og det skal takast omsyn til fornminne og freda bygningar.

Utvikling og vekst vil somme tider kome i konflikt med kultur- og miljøverneinteressene.

Kommunen vil gjennom god planlegging ivareta balansen mellom nærings- og bustadfunksjonar, biologisk mangfald, verneområde, kulturminne og friluftsiinteresser.

II. Tilhøvet til andre planar

Overordna føringar:

Rikspolitiske retningslinjer for transport- og arealøkonomisering
Rikspolitiske retningslinjer for samordna areal- og transportplanlegging
Rikspolitiske retningslinjer for å ivareta barn og unges interesser i planlegginga
Rikspolitiske retningslinjer for verna vassdrag
Retningslinjer om "tilgjengelighet for alle", rundskriv T-5/99
Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging T-1442
St.meld. nr. 29 (1996-1997) Om regional planlegging og arealpolitikk
St.meld. nr. 39 (2000-2001) Friluftsliv. Ein veg til høgare livskvalitet
St.meld. nr. 23 (2001-2002) Bedre miljø i byer og tettsteder
St.meld. nr. 16 (2004-2005) Leve med kulturminner
St.meld. nr. 21 (2004-2005) Regjeringens miljøvernpolitikk og rikets miljøtilstand

Overordna planar og verna område:

Fylkesplan for Aust-Agder
Fylkesdelplan for Setesdal Vesthei – Ryfylkeheiane
Setesdal Vesthei – Ryfylkeheiane landskapsvernområde
Årdalen naturreservat
Veststedjan myrreservat
Verna vassdragsområde, verneplan I – Njardarheim (ned til Otra, sør til Storestraum)
Verna vassdragsområde, verneplan IV – Tovdalsvassdraget

Kommunale planar og bakgrunnsmateriale:

Samfunnsdelen av kommuneplanen 2011 – 2022
Jordbruket i Bygland, arbeidsrapport 2008
Erosjonssikringsplan
Områdetakst for skogbruket
Kommunedelplan for idrett, friluftsliv og kulturbygg
Trafikksikringsplan
Sivil beredskapsplan
Grunnlagkart for naturforvaltning

- temakart naturvern
- temakart raudlisteartar
- temakart friluftsliv
- temakart fisk/aure-bekkerøye-bleke
- temakart hjortevilt/beiteområde-trekkvegar
- temakart fugl/småvilt/spillplassar/leveområde
- temakart prioriterte viltområde/hjortevilt & småvilt/fugl

III. Plandokument

Plandokumenta i tilknytning til rullering av kommuneplanen for Bygland består av følgjande:

- a) Plankart med arealbrukskategoriar, føresegner og retningslinjer
- b) Tekstdel med samfunnsdel og arealdel
- c) Biologisk mangfald registreringar (DN naturdatabase)

Plankartet og føresegnene er juridisk bindande, medan tekstdelen, retningslinjene og temakarta gjev vegleing og utfyllande opplysningar ved sakshandsaming.

IV Føresegner og retningsliner

Planen er utarbeidd med heimel i Plan og bygningslova av 1985:
LOV-14.JUNI-1985-NR.77 (Pbl.1985).

Juridisk bindande føresegner med paragrafar, samt retningsliner er skriva i tekstboksar.
Føresegner og retningsliner er også trykt samla på plankartet.

Generelle føresegner

Pbl. § 20-4, andre ledd, bokstav f:

A - Byggegrenser

Bygging og tiltak som nemnt i Pbl. §§ 84 og 93 er forbode innanfor følgjande avstandar til vassdrag, målt i horisontalplanet ved gjennomsnittleg flaumvasstand:

- langs Otra nord for Ose bru: 50 meter
- langs Otra/Byglandsfjorden sør for Ose bru: 75 meter
- innafor område med verna vassdrag: 100 meter
- til andre/mindre vassdrag/bekkar: 30 meter

Som bekkar reknast bekk som kjem fram på kart i målestokk 1:50 000.

Der det ligg offentleg veg nærare Otra/Byglandsfjorden enn 75 meter, gjeld vegen som byggegrense.

1. Område avsett til utbyggingsføremål

1.1 Plankrav

Pbl. § 20-4, andre ledd, bokstav a og b:

B – Generelt plankrav

I område avsett til utbyggingsføremål kan arbeid og tiltak som nemnt i plan- og bygningslova §§ 81, 86 a, 86b og 93 samt frådelling til slike føremål ikkje finne stad før området inngår i reguleringsplan eller bebyggelsesplan. Utarbeiding av reguleringsplan (teknisk framstilling og innhald) skal vere i tråd med den kravspesifikasjon som til ei kvar tid gjeld.

C - Utforming

Bygg der ålmenta skal ha tilgjenge skal utformast etter prinsippet om universell utforming.

D - Rekkefølgjekrav

Utbygging kan ikkje setjast i gang før det er godkjent utbyggingsplanar med fastsett rekkefølge for ferdigstilling av vassforsynings- og avlaupsanlegg, veganlegg og avkøyning samt framføring av straum og telekommunikasjon.

E - Fellesareal

Fellesareal som til dømes felles parkeringsplassar, tilkomstvegar, friområde og leikeplassar skal opparbeidast og ferdigstillast til bruk samstundes med at tomtene blir bygd ut.

Retningslinjer for utbygging

1. Lokalisering og utforming av nye bygg skal skje slik at dei harmonerer med eksisterande bygningsmiljø med tanke på tomteplassering, struktur, volum, takform, materialbruk og farge. Det skal nyttast materialar som høver saman med omgjevnadene. Bygningane skal òg kunne gjenspegle preg og byggeskikk frå si tid.
2. Nye bygningar skal plasserast skånsamt i terrenget slik at landskapet ikkje blir vesentleg endra. Terrenngrep skal samlast og minimaliserast. Landskapselement som bekkar, kantvegetasjon, grøntdrag, friområde og andre naturareal med økologisk funksjon skal bevarast. Ein bør unngå bortsprenging av terreng som gir synlege skjeringar og drastiske endringar i eksisterande vegetasjon før utbygging. Omsynet til automatisk freda kulturminne og verneskogreglane skal ivaretakast.
3. Bygland kommune kan inngå utbyggingsavtale med grunneigarar og/eller utbyggarar som fremmar reguleringsplan eller bebyggelsesplan for utbygging. Slike avtalar er verkemiddel for å sikre gjennomføring av utbygging i tråd med mål i kommuneplanen. Utbyggingsavtaler kan bli inngått i samband med handsaming av reguleringsplanar og bebyggelsesplanar. Avtalar skal gjensidig forplikte partane med omsyn til kvalitet på bygg, utomhusareal, infrastruktur, fellesområde og felles tiltak.
4. I samband med regulering til utbyggingsføremål skal det setjast krav om utarbeiding av risiko- og sårbarheitsanalyse. Det gjeld med omsyn til mogleg flaum, rasfare, støy, trafikktryggleik og stråling. I byggeområde for bustader og fritidsbustader må det undersøkjast om det er radonstråling eller anna farleg stråling før ein tillet utbygging.
5. Utbygging skal ikkje kome i konflikt med automatisk freda eller prioriterte kulturminne.
6. Vegvesenet sin rammeplan for avkøyrslar skal gjelde.

1.2 Bustader

Nye bustader vil hovudsakleg kome i regulerte bustadfelt. Kommunen vil samstundes vere positiv til spreidd bustadbygging i LNF-område, innafor den naturlege avgrensinga av dei eksisterande bygdelaga.

Attraktive bustadtomter er viktig som ein del av det å skape utvikling i kommunen, og lyst til å busetje seg. I planprogrammet er det formulert slik at ein skal styrke busettinga i heile kommunen, og ha varierte og gode bustadtomter/-felt i alle delar av kommunen.

Det er ei utfordring å følgje opp bustadbygginga med tilfredsstillande tekniske anlegg.

På Byglandsfjord er bygd nytt reinseanlegg, og dette legg grunnlag for vidare satsing.

Ein parsell ved Vassendkilen er lagt ut som nytt bustadområde. Det er svært viktig å sikre vidare utvikling av tettstaden Byglandsfjord, og areala ved Vassendkilen vert fremma for å dekke komande behov for bustadområde i planperioden 2011-2022.

I Grendi er det framleis fleire uløyste tekniske utfordringar, særleg dersom større delar av eigedomen Landeskogen vert tatt i bruk.

I Bygland sentrum er detaljplan under arbeid for nytt bustadområde i Rindan, ovanfor Aakhus. Det er også nokre nye tomter i området Prestlidi sør, ved Bergland og på Nesmoen etter private innspel. Det vil i planperioden bli behov for ny kloakkplan med reinseanlegg for Bygland sentrum.

I området Ose/Austad er det lagt opp til vidare utvikling av bustadfeltet sør for Austad, og eit nytt bustadområde er tatt med ned mot Otra i Austadneset.

Framtidige område for bustadbygging

Tabellen nedanfor listar opp nye bustadområde i planperioden.

I fleire av områda vil det vere konflikt med byggegrenser til vassdrag, off. veg og enkelte særlover. Kommuneplanen legg opp til at desse problemstillingane skal finne si avklaring via reguleringsprosess på detaljnivå.

Nr. jamfør planomtale	Bustadfelt - plassering	Informasjon / merknader
189	Vassend, sør	Område frå stadfesta kommuneplan 2002
190	Vassendkilen	Område udef.(kvitt) i kommuneplan 2002
121	Vassend	
150.2	Grendi, ved Landeskogsvegen	
194	Landeskogen, ned for kraftlina	Område frå stadfesta kommuneplan 2002
172.1	Bygland, sør for Prestlidi II	
198	Bygland nord, Bergland	Område frå stadfesta kommuneplan 2002
202	Bygland nord, Nesmoen	Område frå stadfesta kommuneplan 2002
108.2	Åraksbø	
221	Åraksbø nord, ved Bryggevegen	Område frå stadfesta kommuneplan 2002
129	Austad sør, Austadneset	

Funksjonskrav for leikeareal

Pbl. § 20-4, andre ledd, bokstav d

F - Leikeareal

Leike- og opphaldsplassar ute, herunder akebakkar og skiareal, skal inngå i reguleringsplanar for bustadfelt. Desse skal ha ei skjerma plassering og gode soltilhøve. Leike- og opphaldsplassar ute skal ikkje plasserast i nærleiken av høgspant kraftleidning.

Generelle retningsliner for bustadområde:

Ved planlegging av nye bustadfelt eller omregulering av eldre tilsvarende felt, skal omsynet til barn og unge sine behov for leike- og opphaldsplassar og trygge gang- og sykkelveggar og anna trafikksikring prioriterast. Gangveggar skal planleggast slik at dei ivaretek lettvent og naturleg ferdsle internt i og mellom bustadfelt.

1.3 Fritidsbustader

I ein del område er det etterspurnad etter tomter for fritidsbustader i Bygland kommune. Kommuneplanen 2022 vidarefører i hovudtrekka dei utbyggingsstrategiane som er stadfesta i kommuneplanen frå 2002.

I utmarka er det lagt opp til konsentrasjon av hyttebygginga i områda Reiårsvatn, Hovatn og Tangen/Jordalsbø. Realisering av veg til Åseral vil opne for ei sterk satsing i Skomeheia.

Det er vert satsa vidare på konsentrasjonen av hyttebygging i sør-vestre del av kommunen; ved Byglandsfjorden mellom Horverak og nordover til Frøyarak.

Med sine store areal har Bygland tradisjon for utbygging av hytter i mindre, regulerte felt utanom dei konsentrerte områda. Kommuneplanen følgjer opp tidlegare praksis, og opnar for ein god del hyttebygging i regulerte felt der tilhøva ligg greitt til rette; t.d. med god vegløyving.

Med dette vil ein kunne styre mest mogleg unna framtidige dispensasjonssaker.

I planperioden fram mot 2022 vert det lagt ut byggeområde som tilseier at kommunen kan fleirdoble talet på hytter.

Bygland med Byglandsfjorden kan by på sommarhytte med båtliv, og med relativt kort avstand til skianlegg i Brokke /alt. Bortelid/ er det også eit godt vintertilbod.

Ut frå miljøomsyn vil det i framtida bli auka fokus på nedkorting av reisetid til hytter & fritidshus. Som nærområde til dei folkerike områda på Sørlandskysten, vil Bygland satse på ei god tilrettelegging, og stå fram som eit attraktivt område for hytter & fritidshus.

Store areal i Setesdal Vesthei er no bandlagt med verneføremål. Av omsyn til villreinen og det opne og urørde fjellandskapet skal ein unngå hyttebygging ovaføre tregrensene.

Konflikten mellom fritidsbustadbygging og villreininteresser er kjend i mange fjellområde i Sør-Noreg. Dette er og ei utfordring i Bygland kommune.

Frå før av er det noko spreidd hyttebygging i kommunen. Eit moment som kjem i kjølvatnet av dette er ønskje om køyreveggar i ulike former fram til hyttene. Eventuelle hytteveggar skal vurderast som ein byggesøknad jf. pbl. § 93.

Utbygging av fritidsbustader i Bygland kommune skal fortrinnsvis skje i regulerte felt.

Enkelttomter i LNF-område må handsamast som dispensasjonssaker etter pbl. og evt. jordlova.

Summen av mange frittliggjande hytter kan få negative konsekvensar for naturmiljøet som er vanskeleg å forutsjå i eit lengre tidsperspektiv. Støylsområde og tilhøyrande kulturlandskap skal ikkje påverkast negativt av eventuelle nye hytter.

Framtidige område for hyttebygging

Tabellen nedanfor listar opp dei utbyggingsområda som Bygland kommune fremmar for hyttebygging i planperioden.

I fleire av dei nye områda vil det vere konflikt med byggegrensar til vassdrag, off. veg m.v. Kommuneplanen legg opp til at desse problemstillingane skal finne si avklaring via reguleringsprosess på detaljnivå.

Nr. jamfør planomtale	JP# ref. sak 2006/25	Stad / byggeområde	Informasjon; - aktuelle føresegner, retningslinjer, div. merknader
100	17	Stigemo	
103	35	Tverrånè i Syrdalen	
104	36	Hyttefelt ved Vik	
106.1	38	Hyttefelt 1 ved Huse-Kvissli	
106.2	38	Hyttefelt 2 ved Huse-Kvissli	
107	39	Utbyggingsområde Eikjåknodden	
109	41	Hytteområde ved Jordalsvatn	

110.2	42	Hytteområde ved Osen / Reiårsvatn	
113.2	45	Hytteområde ved Troddeverksånè	
116	48	Hytteområde sør for Heistad	
117	49	Hyttefelt i området aust for Åreklepp	* maks kote 600
118.2	51	Hytteområde på Heismoen	
119.2	52	Hytteområde nord for Bjørnlinuten	føresegn H: utb.rekkefølge
120.1	53	Hytteområde på Skomemoen	
120.2	53	Hytteområde i Vestre Træledalen	
123.1	56	Hytteområde ved Hovatn	
125.1	58	Hytteområde i Åsen	
125.2	58	Hytteområde ved Valebjørgvatn Haugøygard	
126	59	Hyttefelt i Haugemoen	
127.1	60	Hytteområde aust- og ovanfor Åsen	
127.2	60	Hytteområde ved Rossevatn ved vegen til Valbjørgvatn	
127.3	60	Hytteområde ved Tortveittjønn ved Vatnedalsvegen	jf.5.2: konsekvensanalyse
127.7	60	Hytteområde ved Surtetjønn ved Vatnedalsvegen	jf.5.2: konsekvensanalyse
132	66	Hytteområde ved Fisstøyl	* maks kote 650
133.1	68	Hytteområde ved Samldøgeia i Vestre Træledalen	føresegn H: utb.rekkefølge
138.1	73	Hytteområde ved Hovatn	
138.5	73	Hyttefelt i Haugemoen	
139.2	74	Hytteområde på Skomeheia ved Stokkestøyl	
143.3	78	hyttefelt mellom Klyvi og Røyrodden	
144.1	79	Hytteområde ved Geiteryggen	
145.1	80	Hytteområde ved Massusskor	
146.1	81	Hytteområde heimanfor Vøylevatn	
146.2	81	Hytteområde heimanfor Vøylevatn	
147.2	82	Hytteområde i Greibrokk	jf.5.2: konsekvensanalyse
148	83	Hyttefelt ved Tjønnstøylvatnet	jf.5.2: konsekvensanalyse
149.1	84	Delar av hytteområde ved Tangen	
149.2	84	Delar av områda heimanfor Vøylevatn i områda Tjønnstøyltjønn – Sandvatn og Austdalsstøyl	
149.3	84	Delar av områda heimanfor Vøylevatn i områda Tjønnstøyltjønn – Sandvatn og Austdalsstøyl	
149.4	84	Delar av områda heimanfor Vøylevatn i områda Tjønnstøyltjønn – Sandvatn og Austdalsstøyl	
149.5	84	Delar av områda heimanfor Vøylevatn i områda Tjønnstøyltjønn – Sandvatn og Austdalsstøyl	
150.3	85	Hytteområde ved Grimsdalsvatn	
150.4	85	Hytteområde ved Grimsdalsvatn	
151.5	86	Hytteområde Skarveheii i Vestre Træledalen	
153.2	88	Hytteområde sør for Austlii	
155.1	90	Hytteområde ved Stallemo	motsegn 04.05.2009 og 12.11.2010
154	89	Hyttefelt frå Reiårsvatn til Slystøylskøtet	
158	94	Hytteområde nord for Tjønnstøylvatn	jf.5.2: konsekvensanalyse
160	96	Utbyggingsområde sør for Sordal	(motsegn nedanfor vegen)
161	97	Hyttefelt ved Duningstjønn	
163	101	Hytteområde ved Hovatn	
165	103	Hytteområde ved Hovatn	
168	107	Hyttefelt ved Sveigen	
169	108	Hytteområde i Skakstøyllii	
171	111	Hytteområde/utleiehytter på Longerak	

175	115	Hyttefelt ved Heimre Grunnevatn	motsegn 04.05.2009 og 12.11.2010
177	117	Hyttefelt ved Vætingstjønn	motsegn 04.05.2009 og 12.11.2010
178	122	Hytteområde aust for Morstøyl	
183		Hytteområde sør for Lognetjønn i Vestre Træledalen	føresegn H: utb.rekkefølge
188		Hytteområde i Øyårdalen	
191		Hyttefelt frå stadfesta kommuneplan 2002	Åreklepp * maks kote 600
192		Hyttefelt frå stadfesta kommuneplan 2002	ved vegen til Valbjørgvatn
195		Hyttefelt frå stadfesta kommuneplan 2002	Tjønntøylvatn jf.5.2: konsekvensanalyse
196		Hyttefelt frå stadfesta kommuneplan 2002	Troddverk / Øy
197		Hyttefelt frå stadfesta kommuneplan 2002	Jordalsvatn
203		Hyttefelt frå stadfesta kommuneplan 2002	Tangen
204		Hyttefelt frå stadfesta kommuneplan 2002	Tangen
205		Hyttefelt frå stadfesta kommuneplan 2002	Tangen
206		Hyttefelt frå stadfesta kommuneplan 2002	Tangen
207		Hyttefelt frå stadfesta kommuneplan 2002	Tangen
208		Hyttefelt frå stadfesta kommuneplan 2002	Tangen
209		Hyttefelt frå stadfesta kommuneplan 2002	Tangen
210		Hyttefelt frå stadfesta kommuneplan 2002	Tangen
211		Hyttefelt frå stadfesta kommuneplan 2002	Tangen
212		Hyttefelt frå stadfesta kommuneplan 2002	Tangen
213		Hyttefelt frå stadfesta kommuneplan 2002	Tangen
214		Hyttefelt frå stadfesta kommuneplan 2002	Tangen
215		Hyttefelt frå stadfesta kommuneplan 2002	Tangen
218		Hyttefelt frå stadfesta kommuneplan 2002	Hovvatn
219		Hyttefelt frå stadfesta kommuneplan 2002	Hovvatn
220		Hyttefelt frå stadfesta kommuneplan 2002	Tverrsalget
222		Hyttefelt frå stadfesta kommuneplan 2002	Heddenes
223		Hyttefelt frå stadfesta kommuneplan 2002	Vik - felt I
224		Hyttefelt frå stadfesta kommuneplan 2002	Horverak – odde nord
225		Hyttefelt frå stadfesta kommuneplan 2002	Horverak – odde sør
226		Hyttefelt frå stadfesta kommuneplan 2002	Horverak – ovanfor vegen
227		Hyttefelt frå stadfesta kommuneplan 2002	Sandvatn nord
228		Hyttefelt frå stadfesta kommuneplan 2002	øy i Sandvatn

Føresegner for byggeområde til fritidshus og hytter

Pbl. § 20-4, andre ledd, bokstav b

G – Byggeområde for fritidshus og hytter

I framtidige byggeområde for fritidshus/hytter kan ikkje utbygging finne stad før området inngår i godkjent reguleringsplan, og følgjande tilhøve er tilfredsstillande ordna:

- vassforsyning, avlaup og renovasjon
- vegløyning og parkering
- plan for evt. framføring av elektrisk straum- og telenett.

H – Byggeområde for fritidshus og hytter i Skomeheia

I området Skomeheia–Vestre Træledalen kan ikkje utbygging finne stad før vegløyning mot Åseral–Bortelid er realisert. Denne føresegna gjeld for område som er merka særskilt i tabellen over framtidige utbyggingsområde.

Generelle retningslinjer for fritidshus

1. Maksimalt bebygd areal for nye fritidshus skal fastsettest etter ei vurdering av landskapstilpassing og lokal byggeskikk/omkringliggende bygningsmiljø. Som hovudregel bør nye einskildtomter ikkje overstige 1 dekar. Antal bueiningar pr. tomt skal fastsetjast i reguleringsplan/bebyggelsesplan.
2. For fritidshus skal det nyttast materiale som er tilpassa omgjevnadene og stadeigne trekk i byggeskikken. Fritidsbustader skal vere i naturtilpassa fargar.
3. Fritidshus skal ha ei best mogleg tilpassa plassering i terrenget. Ein skal unngå plassering på høgdedrag. Terrenginngrep skal avgrensast til eit minimum. Fritidshus bør plasserast slik at mest mogleg av eksisterande vegetasjon kan bevarast.
4. Ved plassering av fritidshus skal det takast omsyn til tomta si utforming og allmenta si rett til ferdsel i området, og til sti- og løypenett.
5. Leike- og opphaldsplassar ute skal inngå i reguleringsplanar. Desse skal ha ei skjerma plassering og gode soltilhøve. Leike- og opphaldsplassar ute skal ikkje plasserast i nærleiken av høgspent kraftledning.
6. Hovudregelen er at det berre skal vere ein bygning på kvar tomt. I denne samanheng blir hytter og anneks sidestilt.
7. I uthus, boder, utedoar, båthus, garasjar og liknande skal det ikkje installerast eldstad. Golv, veggjar og tak skal ha enkel kledning/tekking og vere uioslert. Slike bygningar skal ha eit avgrensa antal vindauge, med utvendige mål max. 60x60 cm. Det er ikkje høve til å bygge kvist/ark eller hems på slike bygningar.

1.4 Næringsaktivitet

Næringsutvikling er eit sentralt tema i kommuneplanen med visjon om at ”Bygland skal vere ein attraktiv stad å bu, gjeste og drive næringsverksemd - ein stad der innbyggjarane er prega av tru på innovasjon og utvikling, omtanke for kvarandre og aktiv samhandling”.

- Det er behov for gode og attraktive næringsområde i kommunen, med moderne infrastruktur som inkluderer fiberkabel til alle næringsområde
- For å få folk til å bu i kommunen, må det satsast både på etablering av nye arbeidsplassar og utvikling av attraktive miljø
- Kort arbeidsreise og gode bumiljø er verdiar å satse på for framtida
- Effektive småsamfunn utan kø og forureining vil vere attraktive

1.4.1 Reiseliv og service

Kommunen sitt store potensiale innan reiseliv er framheva i fylkeskommunen sin reiselivsplan, med Byglandsfjorden som eit sentralt og positivt element. Dampbåten Bjoren er eit særmerkt innslag på Byglandsfjorden om sommaren. Ein del nye innspel i høve reiselivsutvikling syner at guida turar, kultur- & naturbaserte reiselivsaktivitetar som til dømes fisking kan bli utvikla og utnytta betre framover. Stikkord for ei positiv utvikling er skjøtsel av naturen, tilrettelegging og god informasjon. Det er fleire hotell og campingplassar i kommunen, og hovudtyngda av reiselivsanlegga ligg ved og rundt Byglandsfjorden.

På Ose er det naturgjevne føresetnader for festivaldrift, og kommunen har satsa langsiktig og målretta på tilrettelegging for kulturelle tilbod. I dette området ligg også Reiårsfossen, som er eit landemerke for Setesdal langt utover Byglands grenser.

Summen av privat & offentleg service er viktig for reiselivet. I reguleringsplan for Bygland sentrum (2008) er det lagt planar for vidare utvikling av kommunesenteret.

Reiselivsutviklinga vil halde fram, og det vert arbeidd med å definere ein samlande lokal reiselivsstrategi som harmonerer med den regionale satsinga.

Viktige utviklingsområde er markert med innramming på kommuneplankartet for Byglandsfjord-Neset, Bygland-Nesmoen samt Ose/Austad-Reiårsfossen.

Eksisterande og framtidige reiselivsområde går fram av arealdelen.

1.4.2 Landbruk

Det er gode føresetnader for å drive med jord- og skogbruk i Bygland kommune.

Potensialet er på langt nær utnytta, og det er ynskjeleg å styrke den tradisjonelle landbruksnæringa samstundes som ein må vere open for utradisjonelle driftsmåtar.

Landbruksnæringa må sjåast i heilskapleg og positivt perspektiv med omsyn på anna nærings-, miljø- og samfunnsplanlegging.

Andre næringsområde må take omsyn til landbruket og omvendt. Det skal haldast fokus på kva ressursar landbrukseigedomane representerar og kva muligheiter som finst, slik at grunneigarane med eigne drivkrefter ynskjer å utvikle gardsbruka i positiv retning.

1.4.3 Industri

Industriverksemd i Bygland er prega av nokre få verksemdar som over tid har utvikla seg til å bli hjørnesteinsbedrifter. Kommunen, regionrådet og InnovasjonNorge arbeider kontinuerleg i nettverk for at dei lokale verksemdene skal ha gode rammevilkår.

I landsmålestokk er det stadig færre etableringar av ny verksemd innan større industri og produksjon. Veksten kjem i små verksemdar, og ofte i nivå som underleverandør til andre industriføretak. Denne utviklinga påverkar den lokale satsinga, også fordi dei statelege støtteinordningane vert vinkla annleis enn tidlegare og fasa over på innovativ verksemd.

Det er viktig med godt tilrettelagte tomter, og for å kunne skape synergieffektar er det ønskjeleg at industriverksemdar vert plassert i nærleiken av kvarandre. Det er frå før nokre ferdige og ledige industritomter i Bygland kommune. På Bygland er slik verksemd lokalisert til Nesmoen, om lag 2 km nord for sentrum. På Byglandsfjord er Vassendøya fullt utnytta, og det har blitt arbeidd med ulike alternativ for nytt industriareal; m.a. på Senum i Evje & Hornnes.

Industriverksemd er oftast plasskrevjande, og ved utvikling og utbygging av industriområde er det viktig å ta omsyn til omkringliggende areal. Grundig planlegging må ligge til grunn, slik at områda i minst mogleg grad kjem i konflikt med omgivnadene.

Eksisterande og framtidige industriområde går fram av kommuneplankartet.

1.4.4 Kraftverk/fornybar energi

Mini- og mikrokraftverk vert stadig meir aktuelt som ei attåttnæring til landbruket.

Kommunen er positiv til småskala kraftproduksjon i mindre vassdrag og til å vurdere vindenergi frå vindmølleparkar, så sant dette ikkje virkar øydeleggjande på miljø eller kulturlandskap. Flaumutsette vassdrag må unngåast.

Det vil vere ei eiga utfordring å få heva kapasiteten på fordelingsnettet, dersom det lokale potensialet for små kraftverk vert realisert.

Vassdrag til utgreiing for kraftproduksjon er vist på kommuneplankartet, og det skal arbeidast vidare med dette temaet. Anlegg for kraftproduksjon må utgreiast etter gjeldande regelverk.

1.4.5 Bygg og anlegg

Det er jamn byggeaktivitet i kommunen. Med auka tilrettelegging for utbygging av fritidsbustader og andre tiltak bør aktiviteten kunne haldast, gjerne aukast.

Mange oppdrag vert utført av tilreisande firma. I høve til oppdragsmengda er det grunnlag for etablering av nye lokale verksemder i denne bransjen.

Arealmessig er oppstillingsplass for maskinar og utstyr viktig. Slike oppstillingsplassar og lager bør plasserast t.d. i tilknytning til industriområde, for å unngå konflikhtar med andre interesser.

1.4.6 Sentrumsområde/ forretningsområde

Gjeldande planverk har definert Byglandsfjord, Bygland og Ose som ”bygdesenter”.

Det er ulike problemstillingar og muligheiter i desse tre bygdesentra.

I kommunesenteret Bygland vart sentrumsplanen vedtatt i 2008 etter ein lang planprosess.

Det er eit oppdemma behov for å take avgjerder og få realisert sentrumsplanen, slik at kommunesenteret vert vitalisert med nye område for bustader, forretningar, kontor og offentleg/privat tenesteyting.

I Byglandsfjord sentrum har det lenge vore manglande utval av bustadtomter, og i den nye kommuneplanen vert peika på eit større framtidig område ved Vassendkilen. Dette vil legge grunnen for vidare utvikling av bygdesenteret. Det er eit ledig forretningsområde ved riksvegen sør for Senumsvegen.

På eigedomen Landeskogen er det store areal som kan nyttast til framtidig utvikling i Grendi. Det er behov for oppdatert reguleringsplan der ein får plassere forretnings- og næringsområde, bustadområde, bygningar for utleige etc.

I området Ose/Austad/Reiårsfossen er det planar om vidareutvikling av reiselivsområda, og framlegg om gang- & sykkelveg mellom campingplassen og forretningsområda i Ose sentrum.

1.5 Strandsonenplan ved Byglandsfjorden

I planperioden vil kommunen utarbeide ein eigen arealplan for 100-metersbeltet rundt Byglandsfjorden. I plankartet er framtidig plangrense innteikna som ’andre kartsymbol’.

Strandsonenplanen vil omfatte:

- revisjon vedkomande all arealbruk; utbyggingsområde | friområde | LNF-område
- finmasking av utviklings- og utbyggingsområde sett i høve anna arealbruk
- strandsonenplanen vert utarbeidd som kommunedelplan

Vurdering av all arealbruk langs fjorden er ei svært omfattande oppgåve, der ein også skal ta med omsynet til kulturlandskapet i vid forstand.

Ut frå at kommunen har behov for å auke folketalet, er dei overordna politiske styringssignala for arealplanlegging ved Byglandsfjorden:

- det skal vere ein liberal praksis til trivsels- og utviklingstiltak til beste for fastbuande og tilreisande
- det skal vere mogeleg å ta i bruk dei vakre områda ved fjorden til utvikling og utbygging i ein berekraftig balanse med naturomsyn og -vern
- der tilhøve ligg til rette for det, vil ein sjå positivt på trivselsfremmande tiltak i strandsona; t.d. brygger og anlegg for bading, fiske og generelt friluftsliv/-aktivitetar

2. Landbruks-, natur- og friluftsområde (LNF)

I LNF-områda skal omsynet til landbruk, natur og friluftsliv prioriterast, og det er pr. definisjon ikkje lov med anna utbygging enn det som er knytt til stadbunden næring.

I følgje regelverket for kommuneplanlegging kan ein i planen ikkje gjere ei rettsleg gjeldande underinndeling av LNF-områda. Kommunen kan likevel gjeve føringar om føremål og tema som skal vektleggast i dei ulike områda, men dette har då berre rettleiande karakter.

2.1 LNF-område med verdfulle naturinteresser og kulturlandskapsverdiar

Viktige kulturlandskap og miljøverdiar er kartlagt i samband med biologisk mangfald registrering i 2002 eller var kartlagt frå før. Kartlagde område av større storleik fylgjer:

Stad	Spesielle kvalitetar	Verdi
Fånefjell	Rik edellauvskog	Viktig
Grendi	Landeika	Lokalt viktig
Heddeviki	Rik edellauvskog / kulturlandskap	Svært viktig
Skøre	Naturbeitemark	Lokalt viktig
Skåmefëti	Kroksjøar, flaumdammar og meandrerande elvepart	Lokalt viktig
Grostøyl	Kroksjøar, flaumdammar og meandrerande elvepart	Viktig
Åraksbø med Øvre Gakkestad, Kleivgrend og Segberg	Kulturlandskapsområde / kulturminneområde. Kulturlandskapspleie og utvikling gjennom aktiv bruk og utvikling	Viktig
Pytten	Velhalden heiegard	Viktig
Vestre Kile	Velhaldne heiegardar	Viktig
Osefëti	Deltaområde	Svært viktig

Retningslinjer

Nye bygg i LNF område skal ha størrelse og utforming som passar til byggeskikken i området.

2.2 LNF-område med verdfulle friluftssinteresser

Friluftssinteressene vert i stor grad sikra gjennom allemannsretten.

Nedanfor vert det peika på nokre område der særskilt tilrettelegging kan vere aktuelt:

Stad	Føremål
Reiårsfossen	Legge til rette gangveggar, parkering etc. ved utsiktspunkt, og utvikle området til eit regionalt landemerke
Rakkenes	Legge til rette for bading og friluftsliv (t.d. toalett)
Lauvdalsodden	Legge til rette for bading og friluftsliv
Sines	Legge til rette for bading og friluftsliv

2.3 Spreidd bustadbygging i LNF-område

Bygland kommune ønskjer at det skal vere fast busetnad i eksisterande grender i kommunen. Jf. tidlegare praksis er det ei målsetting å legge til rette for bygging av nye bustadhus innafør den naturlege avgrensinga av eit bygdelaag. Planutvalet utøvar skjøn i kvart enkelt tilfelle om kvar denne naturlege avgrensinga går.

Lovverket opnar for at det kan gjevast dispensasjon for bustadbygging i LNF-område. Dersom det vert gjeve dispensasjon gjeld følgjande:

Retningsliner

Bygningar for fast busetnad i LNF-område

I LNF-område innafør eksisterande bygdelaag er frådelling til bustadformål i samsvar med kommuneplanen sine intensjonar.

Dersom frådelling etter jordlova og plan- & bygningslova er gitt, er det ordinær byggesakshandsaming knytt til utbygging innafør desse områda.

- a) Frådellingar skal handsamast etter jordlova.
- b) Tilkomstvegar skal ikkje leggst i konflikt med gardstun eller landbruksvegar.
- c) Bustader skal plasserast minimum 30 m frå automatisk freda kulturminne. Søknader om nye bustader i LNF-område skal sendast på høyring til Aust-Agder fylkeskommune, kulturseksjonen før vedtak vert fatta.
- d) Byggegrenser gjeld jf. pkt. 1.1.1 Generelle føresegner (A).
- e) Bustader skal plasserast minimum 50 meter frå riksveg og 15 meter frå fylkesveg og kommunal veg. Bustader skal fortrinnsvis knytast til eksisterande, godkjende avkøyrslar, og skal ha godkjent vatn- og avløpsanlegg jf. pbl. §§ 65 og 66.
- f) Der det skal byggast ei gruppe med meir enn 3 hus er det krav om godkjent bebyggelsesplan. Ei gruppe er bygg som er planlagt nærare kvarandre enn 200 m i rett line.

2.4 LNF- spreidd bygging av fritidshus og hytter

Utbygging av fritidshus og hytter i Bygland kommune skal fyrst og fremst skje i regulerte felt. Det er ikkje ønskjeleg med hytter innimellom fast busetnad, og kommunen vil difor ikkje tillate hyttebygging innafør den naturlege avgrensinga av eit bygdelaag. Planutvalet utøvar skjøn i kvart enkelt tilfelle om kvar denne naturlege avgrensinga går. Dette er ei vidareføring av tidlegare praksis.

Dersom det vert gjeve dispensasjon gjeld følgjande retningsliner for fritidshus i LNF-område:

Retningsliner

Arealgrense og mønehøgde for fritidshus og hytter i LNF-område

Totalt BYA for fritidshus i LNF-område kan ikkje overstige 80 m².
Maks. mønehøgde er 5,0 meter.

3. Område for råstoffutvinning

Bygland er den kommunen i Aust-Agder som har mest sand og grus til byggt tekniske føremål i Aust-Agder fylke. Det er totalt registrert 28 sand- og grusførekomstar der dei fleste ligg i hovuddalføret. 25 av førekomstane er berekna til å innehalde 53,2 mill. m³ sand og grus. Eit mål i forvaltninga av grus- og pukkførekomstane er å sikre tilgangen til desse ressursane, utan at det medfører negative miljøkonsekvensar og varig skjemma landskap. Verdiskapinga er viktig for lokalt næringsliv/entreprenørverksemdar og grunneigarane.

Massetak - føresegn

Jf. Pbl. § 20-4, andre ledd, bokstav a

I - Massetak

Opning av nye massetak eller utviding av eksisterande slike kan ikkje settast i verk før området inngår i godkjent reguleringsplan med føresegnar som gjev føringar for drift, uttak og avslutning.

Retningslinjer

1. For at råstoffutvinning skal kunne halde fram på eksisterande område, må det i løpet av to år etter vedtatt kommuneplan vere utarbeidd og godkjent reguleringsplan og plan for drift, uttak og avslutning av kvart område.
2. Ved regulering til uttak må det takast omsyn til landskapsbiletet og sikrast estetisk gode løysingar. Randsoner og kantvegetasjon, spesielt inntil vassdrag, skal takast vare på. Det skal stillast krav om driftsplan.
3. Ved regulering til råstoffutvinning må tryggleikssynet til nærmiljøet vere ivaretatt og sikra.
4. Ved regulering for masseuttak knytt til vassdrag skal ikkje naturlege elveløp endrast. Masseuttak skal ikkje skje i område som er påverka av flaum.

Framtidige område for massetak

Tabellen nedanfor viser eksisterende og planlagde massetak i Bygland kommune.

I flere av områda kan det vere konflikt med byggegrenser til vassdrag, off. veg m.v. Kommuneplanen legg opp til at desse problemstillingane skal finne si avklaring via reguleringsprosess på detaljnivå.

Nr. jamfør planomtale	JP# ref. sak 2006/25	Massetak - plassering	Opna massetak X	Informasjon; retningslinjer, div. merknader
108.1	40	Åmellom, nord for Sandnes	x	Reg.plan krav innan 2 år
108.4	40	Furubakkane, i Syrdalen - Haugetveit		PLRU – sak 37/09
112.1	44	Ellingstjønn, Bjånes	x	T/M – sak 80/97
112.2	44	Sundet	x	Utv. sak 29.10.04
112.3	44	Sør om Sandnes	x	T/M – sak 68/98
118.1	51	Nordenden av Heismonen		Reg.plan krav innan 2 år
120.3	53	Skomemonen		Reg.plan krav innan 2 år
120.4	53	Skomemonen	x	Reg.plan krav innan 2 år
122.1	55	Nord om Langeid	x	Reg.plan krav innan 2 år
133.5	68	Skomemonen		Reg.plan krav innan 2 år
135.3	70	Hekni til kommunegrense Valle		Reg.plan krav innan 2 år
135.5	70	Hekni	x	Reg.plan krav innan 2 år
135.6	70	Hekni		Reg.plan krav innan 2 år
135.7	70	Sør for Langeid		Reg.plan krav innan 2 år
138.6	73	Haugemonen	x	Reg.plan krav innan 2 år
139.4	74	Ved Stokkestøyl		Reg.plan krav innan 2 år
139.5	74	Skomemonen	x	Reg.plan krav innan 2 år
139.6	74	Skomemonen		Reg.plan krav innan 2 år
145.2	80	Upsal, Massuskor, gnr. 46 bnr. 7		Sak 05/152
151.1	86	Skomemonen		Reg.plan krav innan 2 år
156.2	91	Fossli, nord for Reiårsfossen	x	Reg.plan krav innan 2 år
180	129	Nedføre Hovassdammen		Reg.plan krav innan 2 år
181		Nord for Sordal	x	Reg.plan krav innan 2 år
182		Sør for Austad	x	Reg.plan krav innan 2 år
186		Austadkleiva	x	Reg.plan krav innan 2 år
200		Nesmoen, stadfesta kommuneplan 2002	x	

4. Bandlagde område

Store delar av kommunen sitt areal er varig verna med ulike heimlar og føremål. Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde er med i forsøksordning med lokal forvaltning. Øvrige område vert forvalta av Fylkesmannen i Aust-Agder.

Vernet legg avgrensingar på bruken av arealet, og framover er det viktig for Bygland kommune å få aksept for at vernegrensene er endelige ”grenser” for inngrep mot viktige verneareal.

I rapporten Villrein og Samfunn er Setesdal Vesthei er foreslått som eitt av ni nasjonale villreinområde, og er saman med Hardangervidda og Nordfjella forslått som ein av to europeiske villreinregionar. Det er laga kart for storfugl, rype og hjortevilt sitt områdebruk. Bandlagde område i Bygland kommune går fram av kommuneplankartet.

4.1 Fornminne/ kulturminne

Det er mange kartlagde kulturminne i kommunen. Dette gjeld alt ifrå kølgroper og jernvinneanlegg, til fangstanlegg og buplassar frå steinaldertida. SEFRAK er ei registrering av eldre bygningar og/eller hustufter. Bygningar frå før år 1537 er automatisk freda. I tillegg er det knytt verneregjar til bygg frå før år 1849. Kulturminne i heia er kartfesta m.a. i samband med verneprosessen på Setesdal Vesthei.

Gjennom miljøplan trinn 2 blir den einskilde grunneigaren oppmoda om å kartfeste kulturminne på sin eigedom, og kommunen kan hjelpe til med dette.

Det står att eit stort arbeid med å samordne informasjonen frå alle registreringane.

Kulturminneområde

Registrerte kulturminneområde blir teikna inn med skravur i samband med utarbeiding av nye arealplanar. Mellom anna i samband med planlagde utbyggingar, har det vore gjort ulike registreringar og undersøkingar. På bakgrunn av dette er det utarbeida fagrappporter, og mange av desse finst i Bygland kommune.

Retningslinjer

1. Innanfor område avmerkt som viktig kulturminneområde i kommuneplanen skal nye tiltak særskilt tilpassast dei kulturhistoriske verdiane i området.
Større tiltak og naturinngrep skal ikkje tillast.
2. Landbruksnæring kan halde fram i slike område.

4.2 Eksisterande bandlagde område

Tabellen under viser område i Bygland kommune som er bandlagde etter naturvernlova og plan- og bygningslova.

Stad	Føremål
A: Setesdal Vesthei – Ryfylkeheiane	279,9 km ² – Landskapsvernområde
B: Veststedjan naturreservat	250 da. – Myrreservat
C: Årdalen naturreservat	5,8 km ² – Barskogsreservat

5. Område for vern og bruk av vassdrag

5.1 Verna vassdrag

På kartdelen er område med vern mot kraftverksutbygging/ verna vassdrag etter Verneplan I (Njardarheim) og Verneplan II (Tovdalsvassdraget) avsett med skravur.

Dei verna vassdraga har ulik toleranse for inngrep, avhengig av type vassdrag, type inngrep og grunnlaget for vern av det enkelte vassdraget. Ved spørsmål om nye inngrep er det inngrepet sin verknad på verdiane i vassdraget som avgjer om dette kan gjennomførast eller ikkje.

Kraftutbygging som går ut over verneverdiane eller andre allmenne interesser er ikkje tillate i verna vassdrag. Stortinget har likevel bestemt at det kan gjevast løyve for kraftverk med installert effekt på mindre enn 1 MW (mini- og mikrokraftverk). Dersom utbygginga vil gå utover verneverdiane, kan NVE avslå søknad om løyve utan ytterligere sakshandsaming. NVE skal ha melding om alle planar i om kraftutbygging i verna vassdrag.

Med heimel i pbl. § 17–1 har regjeringa gjeve rikspolitiske retningsliner for verna vassdrag. Retningslinene gjeld vassdragsbeltet sitt areal som er vassdekka ved 10-årsflaumar og ei sone på inntil 100 meter. Retningslinene gjeld også andre delar av nedbørsfeltet som har betydning for vassdraget.

5.2 Nedslagsfelt for drikkevatt

Stad: Grendi vassverk – Tjønntøylvatnet, Tortveittjørni og vassdraget nedstrøms.

Retningsliner

1. Før reguleringsarbeid vert sett i verk innafor nedslagsfeltet for Grendi vassverk, skal det gjennomførast konsekvensanalyse m.o.t. mogeleg forureining av drikkevasskjelde.
2. Våtmarksareal langs vassdrag bør ikkje drenerast eller fyllast opp.
3. Vassdragsnære område bør ikkje avdekkast eller overflatebehandlast, slik at det medfører fare for erosjon eller avrenning av overflatevatn direkte til vassdraget.

5.3 Annan særskilt bruk eller vern

På kartdelen er avteikna område for krypsivprosjekt: Nr. 184.1, 184.2 og 184.3 i Otra sin elveos mot Byglandsfjorden.

Detaljplanar for oppsamling av krypsiv frå Otra i området Ose Sør/Reiårsfossen skal leggest fram for godkjenning hos berørde myndigheiter før tiltak vert sett i verk.

Retningsliner

Før krypsivtiltak vert sett i verk, skal det utarbeidast detaljplanar som kan godkjennast av berørde myndigheiter. Planane skal avklare følgjande tilhøve:

1. Plassering av lenser.
2. Oppsamlingsområde for handtering av krypsiv.
3. Riggområde, tilkomst og tekniske anlegg.
4. Omsyn til natur, friluftsliv og anna ferdslø.

6. Viktige ledd i kommunikasjonssystemet - stamveg

Riksveg 9 er viktig for fastbuande, næringsliv og tilreisande. Kommunen vil vere pådrivar og støttespelar i arbeidet med å utbetre vegen til ein god vegstandard gjennom Setesdal.

Som stamveg skal Rv.9 byggast ut til 2-feltsveg, og vere ein viktig transportkorridor mellom Sørlandet & Hardanger/Vestlandet.

Det vil vere ei streng haldning til etablering av nye kryss og avkøyrslar frå stamvegen.

I større bygdesentra må det planleggast miljøprioritert gjennomkøyring som sikrar dei mjuke trafikantane; jamfør tiltak/ Byglandsfjord sentrum og behov Bygland/ sentrumsplanen.

Retningslinjer

1. Eventuelle endringar av tracèval for Rv.9 skal avklarast gjennom eigen reguleringsplan.
2. Omsynet til eksisterande busetnad, næringsverksemd, landbruk, trafikktryggleik og landskapsbilete må vektleggast sterkt ved vurdering av ulike alternativ.

6.1 Fylkesvegar – kommunale vegar

Fylkesvegane er viktige ledd i kommunikasjonssystemet. Langs Byglandsfjorden/ Otra tener vegane som omkøyringsalternativ for Rv.9, og bør av denne grunn halde god standard.

Fleire bygdelag som har tilkomst via fylkesvegar og kommunale vegar har etter måten dårleg vegstandard. I planperioden vil kommunen arbeide for at dei lokale vegane vert opprusta til ein betre og meir tidsmessig standard.

6.2 Tverrveg til Åseral

Vegsamband mellom Åseral og Bygland har vore på planstadiet sidan år 1920, og seinast i år 2002 vart det arbeidd med ein kommunedelplanprosess med 9 ulike vegalternativ.

Kommunen fekk motsegn frå fylkesmannen i Aust-Agder vedkomande Hegglandslinene og Reiårslina. I 2005 vedtok kommunestyret at vegen kan førast ned ved Skomedal, der det ikkje var fremma motsegn til kommunedelplanen.

I kommuneplankartet er innteikna 18,3 km ny veg frå Rv.9 ved Skomedal til fv.351 i Åseral, samt tilkopling nordover mot Morstøyl/ området Reiårsvatn.

For veglina over heia er det utarbeidd plandokument og 3D modell, og vegen er prosjektert som standard heilårs fylkesveg med vegbreidde 7,0 meter. I 2008 la Vegkontoret i Aust-Agder i samarbeid med Bygland kommune fram prisanslag pålydande kr. 215 mill.

Tillegg for tunnel ved nedstiging til Skomedal er anslått til kr. 73 mill.

Vegsamband til Bortelid vil vere svært positivt for vidare utvikling i Bygland kommune.

Vegprosjektet må konsekvensutgreiast før det kan realiserast.

6.3 Gang- og sykkelvegar

Kommunen er opptatt av trafikktryggleik, for å sikre trygg ferdsel til sentrumsområde, skular, barnehagar og fritidsområde. I større bygdesentra som Byglandsfjord og Bygland er dette spesielt viktig p.g.a. gangtrafikken til tider er betydeleg.

Prioriterte gang- og sykkelvegar går fram av kommunen sin trafikksikringsplan.

6.4 Breibandutbygging

Bygland kommune vil vere langt framme i arbeidet med breibandutbygging, og dette skal takast omsyn til i planlegging av nye utbyggingsområde.

Fordeling av breiband via fiberkabel vil bli prioritert til alle bygdelag og næringsområde.

7. Dispensasjon

Når særlege grunnar føreligg kan kommunen gjeve midlertidig eller varig dispensasjon frå føresegnene til arealdelen av kommuneplanen, jf. pbl. § 7.

Det er det faste utvalet for plansaker som kan gjeve dispensasjon frå føresegnene til arealdelen av kommuneplanen.

Ved dispensasjonssaker frå føresegnene skal fylkeskommunen og statlege styresmakter for dei saksområda som saka omhandlar, ha høve til å uttale seg før dispensasjon vert gjeve.

8. Reguleringsplanar

Jamfør pbl. § 20-6 skal kommuneplanen leggest til grunn ved planlegging, forvaltning og utbygging i kommunen.

Når ikkje anna er bestemt, gjeld kommuneplanen sin arealdel framføre eldre rikspolitiske bestemmelsar. Stadfesta reguleringsplan og bebyggelsesplan gjeld føre kommuneplanen.

I tabellen nedanfor er lista opp dei reguleringsplanar og disposisjonsplanar som gjeld etter at arealdelen til kommuneplanen er vedteken:

8.1 Gjeldande reguleringsplanar

Nr. jamfør plankart	NAMN	Plan	Vedtak/dato	Revidert
1	Byglandsfjord sentrum	Reg. plan		30.05.2002
2	Bakkane bustadfelt	Reg. plan		
3	Stedjan hyttefelt	Reg. plan	15.11.2001	
4	Apleknollen hyttefelt	Reg. plan	27.06.2002	
5	Konungsbrotet hyttefelt	Reg. plan	15.12.2005	
6	Hagenes hyttefelt	Reg. plan	26.06.2003	
7	Kvislefjell hyttefelt	Reg. plan	24.10.2002	
8	Reiårsfossen Camp.	Reg. plan	09.10.2003	10.04.2003
9	Reg. plan for bomstasjon rv 9, Byglandsfjord	Reg. plan	30.05.2002	
10	Kringlemyra hyttefelt	Reg. plan	27.05.2004	
11	Reiårsvatn hyttefelt	Disp. plan		
12	Gnr. 4, bnr. 1	Disp. plan	01.08.1973	
13	Åreklepp hyttefelt	Reg. plan	14.12.2006	
14	Gnr. 57, bnr. 7	Disp. plan	10.12.1973	
15	Neset	Reg. plan		
16	Dalskilen hyttegrend	Reg. plan	17.04.2008	
17	Austad bustadfelt	Reg. plan	13.05.1998	
18.1	Dalsøyane	Disp. plan	31.08.1971	
18.2	Dalsøyane	Disp. plan	31.08.1971	
19	Reiårsvatn 2 hyttefelt	Reg. plan	19.10.2004	
20	utgår			
21	utgår			
22	Myklestøylen hytteområde	Disp. plan	30.08.1978	13.05.1981
23	Drengshommen hyttefelt	Reg. plan	09.07.1986	
24	Røynestøyl hyttefelt	Disp. plan		
25	Gnr. 67, bnr. 7	Disp. plan	Juli 1973	

26	Gnr. 56, bnr. 3 – Langenesøya	Disp. plan	Des. 1970
27	Storestraum	Reg. plan	01.04.1998
28	Nesmoen	Reg. plan	02.11.1988
29	Gnr. 34, bnr. 5 – Skomeneset	Disp. plan	Sept. 1971
30	Sines	Reg. plan	06.04.2006
31	Gnr. 43, bnr. 1	Disp. plan	08.05.1979
32	Rv 9. Fånefjell	Reg. plan	06.04.2006
33	Torkleivi	Reg. plan	14.06.2008
34	Rv 9 Ose – Tveit, del 1	Reg. plan	08.02.2007
35	Rv 9 Ose – Tveit, del 2	Reg. plan	28.04.2006
36	Longerakstronda	Disp. plan	30.08.1969
37	Brufldt hyttefelt	Disp. plan	07.11.1969
38	Gnr. 54, bnr. 4	Disp. plan	25.11.1980
39	Bygland sentrum	Reg. plan	17.04.2008
40	Gnr. 33, bnr. 3 – Hovatn	Reg. plan	31.03.1992
41	Lidi bustadfelt A	Reg. plan	09.02.1995
42	Ose sentrum	Reg. plan	1982
43	Åraksbø bustadfelt	Reg. plan	1979
44	Tveitberget gnr. 54, bnr. 3 (Longerakhyttene)	Reg. plan	1970
45	Kollen hyttefelt	Reg. plan	24.06.1993
46	Gnr. 12, bnr. 4	Disp. plan	17.11.1978
47	Gnr. 34, bnr. 3	Disp. plan	30.09.1972
48	Elingstjønn hyttefelt	Reg. plan	24.06.1993
49	Stuttstog	Disp. plan	1976
50	Gnr. 38, bnr. 1	Disp. plan	25.07.1973
51	Gnr. 34, bnr. 1	Disp. plan	02.06.1972
52	Gnr. 34. bnr. 9 - Stokkestøyl	Disp. plan	1972
53	Gnr. 15 bnr. 1 - avkøyrsløse Rv.9 ved Reiårsfossen		18.10.2004
54	Grendi		
55	Gnr. 34. bnr. 9 - Skomeneset	Disp. plan	1972
	KOMMUNEDELPLANAR:		
	Rv 9 Skomedal		20.05.2005
	Rv 9 Frøysnes		15.02.2008